

Fra: Øyvind Lunde (oyvind.lunde@oygarden.kommune.no)

Sendt: 06.04.2018 12:46:00

Til: Ambjørø Reinsnos

Kopi:

Emne: 16/1682-44 Gnr/bnr 38/500 m.fl. Rong senterområde - Områderegulering - mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Krav om endring i plankart og utsett frist for fråsegn

Vedlegg: image005.png;image006.jpg;image002.jpg

Hei

Kostnadsoverslaget knytt til kulturminneundersøking av utvida planområde i sentrumsplanen for Rong er som nemnt akseptert.

Vidare vil vi endra planen i tråd med Hordaland fylkeskommune sin uttale av 26.03.18 i høve kulturminnet Askeladden id 95514. Det vert søkt om dispensasjon frå kulturminnelova.

Tek sikte på å få sendt over endra planforslag i løpet av komande veke.

Med venleg helsing

Øyvind Lunde

Leiar Teknisk plan og forvaltning

Øygarden kommune

Telefon: 56 38 20 00 – 56 38 53 51

E-post: ol@oygarden.kommune.no **Heimeside:** www.oygarden.kommune.no

E-post til underteikna er normalt offentleg post og vert journalført for allment innsyn. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under behandling bør sendast til postmottak@oygarden.kommune.no. Gjerne med kopi til min e-postadresse.



Fra: Ambjørø Reinsnos [mailto:Ambjorg.Reinsnos@hfk.no]

Sendt: 3. april 2018 13:06

Til: Øyvind Lunde

Emne: SV: 16/1682-44 Gnr/bnr 38/500 m.fl. Rong senterområde - Områderegulering - mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Krav om endring i plankart og utsett frist for fråsegn

Hei!

Dykkar aksept av kostnadsoverslag for arkeologisk tilleggsregistrering i samband med områdeplanen for Rong senterområde er notert, og registreringa vil verta gjennomført så snart vi kan.

Når det gjeld tilhøvet til det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 95514, opprettheld vi vår tilråding om søknad om dispensasjon frå Riksantikvaren for dette kulturminnet. Planforslaget med plankart datert 02.03.18 er i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet, og er i noverande form grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Kulturminnet er ein steinalderbuplass, der det også er funne aktivitetsspor frå eldre jernalder. Lokaliteten ligg i ein hage i eit etablert bustadområde, og er allereie skadd av etableringa av fylkesveg 226 (før lokaliteten var kjend) og anna infrastruktur, men også som følgje av etablering av hage med dreneringsgrøfter. Sjølv om fortauet/gang-/sykkelvegen allereie er etablert, er vår vurdering at kulturminnet id 95514 ligg utsett til, og ei bevaring på staden som vist i plankartet datert 02.03.18 er ikkje tilstrekkeleg for at dette kulturminnet kan ivaretakast på ein god måte. Dette skuldast mellom anna reguleringa av føremåla fortau og annan veggrunn både innafor kulturminnet og i nærleiken av dette, utviding av vegkrysset o_SKV8/o_SKV2, og også vidare

bruk av hagen. Ved ei utgraving vil ein sikre kunnskapsmaterialet til dette kulturminnet.

Ved rask justering av plankartet vil vi raskt kunne sende søknad om dispensasjon vidare til Riksantikvaren for vurdering, og vi kan ikkje sjå at dette vil forseinke saka for Øygarden kommune.

Høyrer frå Dykk!

Venleg helsing

Ambjørge Reinsnos

Arkeolog | Spesialrådgjevar
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 91 72

www.hordaland.no

Fra: Øyvind Lunde <oyvind.lunde@oygarden.kommune.no>

Sendt: 28. mars 2018 13:12

Til: Ambjørge Reinsnos <Ambjorg.Reinsnos@hfk.no>

Emne: 16/1682-44 Gnr/bnr 38/500 m.fl. Rong senterområde - Områderegulering - mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Krav om endring i plankart og utsett frist for fråsegn

Hei

Viser til vedlagte uttale med mellombels kulturminnefagleg fråsegn og kostnadsoverslag.

Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering vert med dette akseptert. Sender eit formelt brev på dette over påske.

Vi må forholde oss til kravet om utsett uttalefrist. Men ber om uttale til planforslaget så snart det let seg gjere. Dette er ein sentral og viktig plan for Øygarden kommune, som vi ønskjer snarleg godkjenning på.

Når det gjeld kulturminnet Askeladden id 95514 vist i plankartet med omsynssone for bandlegging, sosi-kode H730. Så vert det gjort merksam på at det ikkje er planlagt inngrep innanfor det bandlagte området. Fylkesvegen med fortau og annan veggrunn er etablert. Denne utbetringa er gjort i seinare år.

Fint om du kan melde tilbake i forhold til denne informasjonen. I utgangspunktet ønskjer vi at planforslaget vert oppretthalde slik det ligg føre.

Med venleg helsing

Øyvind Lunde

Leiar Teknisk plan og forvaltning
Øygarden kommune

Telefon: 56 38 20 00 – 56 38 53 51

E-post: ol@oygarden.kommune.no Heimeside: www.oygarden.kommune.no

E-post til underteikna er normalt offentleg post og vert journalført for allment innsyn. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under behandling bør sendast til postmottak@oygarden.kommune.no. Gjerne med kopi til min e-postadresse.



ArkivReferanse:#3e3e326efafd4d97a7540a5793bca7002016001682#ACOS.WEBSAK#